

2025





Innhold

Introduksjon av selskapet.....	3
Administrerende direktør har ordet.....	4
Presentasjon av forretningsområda	
Produksjon av straum.....	5
Distribusjon av straum	6
Fibernettt	9
Vassforsyning og avløp.....	10
Styret si melding	12
Revisor si melding	16
Resultatrekneskap	18
Balanse	19
Rekneskapsprinsipp.....	21
Notar til rekneskapen	23
Kontantstraumoppstilling.....	39
Samfunnsrekneskap.....	40

Framsida: Riksheim kraftstasjon, fotograf Hallvard Sandvik
Side 3: fotograf Tommy Rasmussen
Side 4, 7 og 10: fotograf P.P. Lyshol
Andre bilder: Sykkylven Energi

Grafisk produksjon: VOOKAL | vookal.no

Turbinhjul Riksheim Kraftstasjon




Aursnesoddane. Styret i Sykkylven Energi konsernet: Frå venstre: Renate Karlsen, Steinar Johan Bakke, Jarle Strømmegjerde, Per Arne Edvardsen (adm.dir), Per Magne Drotninghaug, Odd Krüger, Kristin Grebstad og Bjørnar Akselvoll Lade.

INTRODUKSJON AV SELSKAPET

Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

STRUKTUR FOR SYKKYLVEN ENERGI KONSERNET:



Sykkylven Energi Holding AS er konsernspiss i Sykkylven Energi konsernet. Selskapet er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Sykkylven Energi AS har ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og reno-

vasjon. Sykkylven Energi AS har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normal-år. Selskapet er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i Sykkylven kommune.

Sykkylven Miljøpark AS driv med utleige av eigedom (Sykkylven Miljøstasjon).

Straumen Nett AS eig og driftar distribusjonsnettet i Sykkylven kommune. Føremål med verksemda er overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune, samt å drive anna verksemd i samband med dette. Straumen Nett har i tillegg aksjar i Elsikkerhet Vest AS.

Elsikkerhet Vest AS har som hovudoppgåve å utføre lovpålagde tilsynsoppgåver og informasjonsarbeid for eigarselskapa. Selskapet vart stifta 1. oktober 2002. 1. januar 2025 endra selskapet namn frå Elsikkerhet Møre til Elsikkerhet Vest. Elsikkerhet Vest AS er eigd av Linja AS, Elinett AS, Nordvest Nett AS, Straumen Nett AS og Romsdalsnett AS.

Eit viktig arbeidsmål for konsernet er utvikling av samarbeidet med andre aktørar i nærområdet, og korleis ein gjennom samarbeid og spesialisering kan betre effektiviteten i selskapet.

ADMINISTRERANDE DIREKTØR HAR ORDET

2025 vart eit godt år for Sykkylven Energi konsernet. Konsernet hadde driftsinntekter på 118,8 millionar kroner og eit årsresultat på 14,8 millionar kroner. Dette er ei god forbetring samanlikna med 8,8 millionar kroner i 2024. Eg er særnøgd med resultatet sett i lys av den låge kraftprisen for året. Kraftprisen har vore 18 % lågare enn i 2024, men vi har klart å skape gode resultat i dei andre områda i konsernet. Både fiberverksemnda og Straumen Nett har historisk gode resultat i 2025. For distribusjonsnettet har det vore lite feil og vi har redusert driftskostnadane. Samtidig har vi klart å redusere dei negative fonda for vann og avløp. Dette er ei stor milepæl for selskapet da vi snur ein pågåande trend tilbake frå 2017. Eg vil difor takke alle tilsette for den flotte jobben så gjerast kvar einaste dag i verksemda.

Sykkylven Energi konsernet held fram med ei fornying av arbeidsstyrken To personar gjekk av med pensjon i 2025 og desse er blitt erstatta med yngre arbeidstakarar. Vi har to lærlingar som energimontør.

Forbruket i nettet vårt vart redusert med 1,1 % i 2025, men elektrifiseringa av transportsektoren fortsett i vårt område. Vi ser framleis auke i installasjon av elbil-ladarar. Tal på heilelektriske personbilar i kommunen har auka frå 17,7 % i 2024 til 23,1 % av bilparken i 2025. Dette er eit godt stykke bak landsgjennomsnittet som er på 32,1%. Sjølv om vi ser ei auke i el-bil lading, så har timen med makslast i nettet vårt vore høveleg stabil dei siste 4 åra på 30-32 MW.

I 2025 har vi jobba etter dei planlagde strategiane til konsernet. I desember signerte vi avtale med Telia som ny samarbeidspartnar for fiber til heimen. Dette forventar vi vil auke verdiskapinga i Sykkylven Energi dei komande åra. Vi ser auka behov for investeringar framover og forventar investeringar i området 150

millionar kroner i perioden 2026-2030. Etter 4 år med reduksjon i investeringar auka årets investeringar betydeleg frå 12,8 millionar i 2024 til 33,6 millionar kroner i 2025. Forsterking av dammane i Riksheimdalen sto for ca. halvparten av årets investeringar. I 2028 skal vi styrkje dammen på Årsetvatnet. Vi må reinvestere i det gamle linjenettet vårt og vi ventar også at det er behov for oppgradering av vassforsyninga for å auke tryggleiken på drikkevandet.

Sjølv om vi ventar store investeringar framover, er vi stolt av å levere solide utbytte til Sykkylven kommune. I 2025 har styret og administrasjonen, i samarbeid med kommunen, utarbeida ein plan for auka utbytte dei komande 4 åra. Styret har difor for regnskapsåret 2025 foreslått tidenes høgaste utbytte på 14 millionar kroner. Dette er ei dobling frå 2024. Vår balanse er robust og kommunen har vist ein ansvarleg eigarpolitikk over tid. Vi reknar difor med at selskapa har tilstrekkeleg eigenkapital til å finansiere dei komande investeringane.



A handwritten signature in blue ink that reads "Per Arne Edvardsen".

Per Arne Edvardsen
Administrerende direktør

PRODUKSJON AV STRAUM

Sykkylven Energi har følgjande tre produksjonsanlegg:

Riksheim Kraftstasjon **2013**
Riksheimdal Kraftstasjon **2003**
Ramstaddal Kraftstasjon **1983**

Alle våre kraftstasjonar er magasinverk. Det betyr at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulerast uavhengig av nedbør og tilsig av vatn. I Riksheimdalen er det Storevatnet som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan det er Årsetvatnet som er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.

Aktivitet

I 2025 har vi forsterka demningane på Storevatnet og Gamlestølsdammen. Endring av klimatiske forhold og nye krav til dammar har ført til at alle demningane våre må forsterkast.

Prosjektet har hatt ein totalkostnad på ca. 18 millionar kroner. Sjølve arbeidet starta i april på Storevatnet og dammen på Gamlestølen vart slutført i november. Arbeidet vart utført av Christie & Opsahl AS med Hole Anlegg AS som underentreprenør for grunnarbeid. Sweco har vore fagleg ansvarleg og Tafjord Kraftproduksjon har støtta oss med oppfølging av prosjektet.

Produsert kraftmengde i 2025 var 52,2 GWh som er litt over snitt normal årleg produksjon. Dette var ca. 15 % høgare enn i 2024. Oppnådd gjennomsnittspris var på 29,7 øre/kWh, som var 18 % lågare enn i 2024. Gjennomsnittleg kraftpris i vårt prisområde NO3 var 24,8 øre/kWh.




Torje Vedvik,
avdelingsleiar
kraftproduksjon.

Nye Riksheim Kraftstasjon har i 2025 produsert 26,8 GWh. Kraftstasjonen fekk i 2013 tildelt grøne sertifikat for 22,1 % av årsproduksjonen som følgje av modernisering og renoivering. Prisen på desse sertifikatene har dei siste åra falle dramatisk og er omtrent verdilause pr. i dag.

Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:


	Riksheim Kr.St. [GWh]	Riksheimdal Kr.St. [GWh]	Ramstaddal Kr.St. [GWh]	SUM [GWh]
2016	26,8	21,4	3,6	51,8
2017	28,2	21,9	4,1	54,1
2018	25,9	21,6	3,2	50,7
2019	27,6	21,8	3,1	52,5
2020	31,2	19,8	4,0	55,1
2021	24,7	17,7	3,7	46,1
2022	30,4	24,2	3,9	58,5
2023	24,0	17,9	3,2	45,1
2024	25,5	17,1	3,1	45,7
2025	26,8	21,9	3,6	52,2
Snitt	27,0	20,9	3,5	51,4

Sum produksjon 2016-2025




DISTRIBUSJON AV STRAUM

Forbruket i 2025 viser ein nedgang i forhold til 2024 på 1,1 %.



Forbruksstatistikk

Høgste effektforbruket på ein time var 32 MW, noko som er opp 0,2 MW i forhold til 2024.



Makslast, antal MW per time med høgast forbruk

2025 vart eit år med betydeleg lågare KILE-kostnader enn i 2024. Totalt vart KILE-kostnaden på 0,5 millionar kroner mot 1,4 millionar kroner i 2024. Det var totalt 4 hendingar med feil i høgspennettet som førte til KILE-kostnader i 2025, der ein hending hadde kostnad over 100.000 kroner. Vi auka kostnader på skogrydding i 2024 og det kan sjå ut som det har hatt effekt.

Leveringsgrad utrekna som ein prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot er 99,99924 % i 2025. Ut frå statistikken til NVE er det berre 4 nettselskap i Norge som har hatt lågare avbrot pr. kunde i 2025.



Halvard Hjorthol,
nettsjef.

KILE-STATISTIKK I KRONER

KPI-justert KILE- KOSTNADER	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM AVBROTSKOSTNADER		
	Andre Kr	Eige nett Kr	Andre Kr	Eige nett Kr	Andre Kr	Eige nett Kr	Sum Kr
2025	0	447	0	48	0	495	495
2024	0	1 190	0	209	0	1 399	1 399
2023	0	565	0	93	0	658	658
2022	0	957	0	127	0	1 084	1 084
2021	0	357	0	172	0	529	529
2020	0	845	0	154	0	999	999
2019	0	207	0	62	0	269	269
2018	0	241	0	75	0	316	316
2017	0	234	0	147	0	381	381
2016	0	1 080	0	93	0	1 173	1 173

Statistikk i heile tusen kr.

KILE-STATISTIKK I ANTAL KUNDEAVBROT

	IKKJE VARSLA AVBROT		VARSLA AVBROT		SUM KUNDEAVBROT			SNITT pr. kunde
	Andre Antall	Eige nett Antall	Andre Antall	Eige nett Antall	Andre Antall	Eige nett Antall	Sum Antall	
2025	0	6 728	0	430	0	7 158	7 158	1,43
2024	0	4 375	0	1 588	0	5 963	5 963	1,16
2023	0	3 132	0	783	0	3 915	3 915	0,79
2022	0	14 540	0	1 153	0	15 693	15 693	3,21
2021	0	3 287	0	2 314	0	5 658	5 658	1,17
2020	0	12 006	0	1 549	0	13 555	13 555	2,83
2019	0	8 160	0	433	0	8 593	8 593	1,77
2018	0	4 411	0	954	0	5 365	5 365	1,2
2017	0	3 288	0	1 452	0	4 740	4 740	1,03
2016	0	6 783	0	665	0	7 448	7 448	1,6

INVESTERINGAR


Investeringane for 2025 auka til 9,6 millionar. Det er 4,2 millionar høgare enn i 2024. Investeringane består av fleire mindre prosjekt for nye kundar og ombyggingar. I 2025 var det 4 prosjekt med kostnader over 1 million kroner, der dei to største var utskifting av gamle kablar på øvre Aursneset og legging av nye kablar frå Rishaugen til Orreneset. Framover reknar vi med at straumnettet må oppgraderast på grunn

av elektrifiseringa som skjer innanfor transportsektoren. Vi ser at talet på el-bilar aukar kvart år. Vi har også eit gammalt linjenett som må fornyast i løpet av dei kommande åra. Dette gjer at vi reknar med ei auke i investeringane i åra som kjem.

FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK 2025

	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	% fordeling
Bergverksdrift og utvinning	2		19	0 %
Bygg og anleggsværksemd	79		2 593	2 %
Div. forsynings- og renovasjonsværksemd	36		601	0 %
Diverse tenesteyting	395		14 296	11 %
Hushaldning og fritidsbustadar	4 368		62 702	50 %
Industri	87		35 299	28 %
Jordbruk, skogbruk og fiske	73		1 192	1 %
Transport og lagring	15		3 961	3 %
Varehandel m.m	74		4 630	4 %
Sum	5 129	0,00 %	125 293	100 %

FORBRUK FORDELT MELLOM HUSHALDNING/ FRITIDSBUSTAD OG NÆRING



■ Næring ■ Hushaldning og fritidsbustader

ORD OG UTTRYKK

V	=	volt
kV	=	kilovolt
A	=	ampere
W	=	Watt
kW	=	kilowatt
MW	=	megawatt
kWh	=	kilowatt-time
MWh	=	megawatt-time
GWh	=	gigawatt-time
TWh	=	terawatt-time

kV = 1000V = måleining for spenning

A = måleining for straum

kW = 1000 watt = måleining for effekt

MW = 1000 kilowatt

MWh = 1000 kWh

GWh = 1 mill. kWh = måleining for energi

TWh = 1 milliard kWh

FIBERNETT

Sykkylven Energi har bygd ut fiber til næring og private i Sykkylven. Forretningsområdet har hatt ei god utvikling med jamn vekst år for år. Dei største investeringane er no gjort og vi er i ein driftsfase med noko fortetting. I 2025 auka omsetninga innan fiber med 3,3 %, medan resultatet auka med 14,4 %. Vi er difor godt nøgde med utviklinga av fiberverksemda. Alle fastbuande har no tilbod om fiber og i tillegg er områda med størst potensiale på Fjellsetra ferdig utbygd. Kundemassen er no stabil men vi reknar med at resultata vil halde fram med å auke etter kvart som anlegga skrivast ned.



Nikolai Støbakk
Nordstrand, ansvarleg
for fiber

Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit arbeider vidare med regulering av breibandsmarknaden. Her vert fleire aktørar peika ut til å ha sterk marknadstilling og kan få krav om å opne tilgangen til fibernetta sine. I Møre og Romsdal gjeld dette Tafjord Connect i nordlege del av Sunnmøre, Tussa IKT i sørlege del av Sunnmøre og Neas på Nordmøre. Det som vert spennande å følgje framover vert korleis prisane for tilgangen i fibernetta skal regulerast. Det er framleis ikkje bestemt.

Våre samarbeidspartar på fiber

Samarbeidet med NextGenTel om levering av tenester i fibernettet vårt vert avslutta i 2026. I desember 2025 signerte vi ny avtale med Telia om levering av FTH-tenester i Sykkylven. Avtalen vil vere gjeldande frå 1. november 2026. I den nye avtalen vil grenseskilje mellom Sykkylven Energi og Telia vere etter medieconverteren i husinstallasjonen. Det betyr at vi utvidar eigarskapet vårt til fibernettet. Fokuset vårt i 2026 vil vere å få ein smidig overgang for alle privat-kundane til Telia.

For levering av tenester og breiband over fiber til næringslivet så har Sykkylven Energi ei stor kontaktflate mot samarbeidspartar i og utanfor Sykkylven. Dette gir næringsverksemdar konkurransedyktige og driftssikre tenester på samband ut av bygda.

VASSFORSYNING OG AVLØP

Overordna så har det vore arbeidd med kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn. Dette er eit fellesprosjekt saman med Sykkylven kommune. Asplan Viak er engasjert som konsulent. Målet er at planen skal godkjennast innan utgangen av 2026.

Investeringar

Grunna relativt høg rente og for å dempe gebyrauken, så vart det vedteke å halde investeringane i 2025 på eit minimum. Gjennomførte prosjekt har vore:

- Sanering av utslepp i sentrum
- Sanering av utslepp ved Kyrkja

Dette er gjort ved å bygge overføringsleidningar i Strandgata og frå Auregardane mot ungdomsskulen. Avløpet vert no pumpa til silanlegget i Ullavika.

Det har elles vore skifta er kortare strekning vassleidning i sentrum i samband med ombygging av vegkrysset mellom Storgata og Kyrkjevegen og utskifting av kum i Grebstaddalen.

Drift og vedlikehald

Det har vore utbetra 5 vasslekkasjar. På avløpsnettet har det vore 6 driftsavvik, i hovudsak tilstopping og lekkasje.



Ivar Selsbakk,
avd.leiar VAR.

Ved utgangen av 2025 så hadde 76 % av abonnentane til vassverket installert vassmålar og tilsvarande 70 % på avløp.

Vi har hatt 2 viktige mål innan VA. Det eine går på lekkasjereduksjon, der nattforbruket skulle vere under 5 l/s i minst 100 dagar (20 % lekkasjetap). Dette nådde vi med god margin, 150 dagar med forbruk under 5 l/s. Det andre målet gjekk på digital utvikling, dvs. korleis vi nyttar fagsystema våre. Dette nådd vi ikkje.

Vassproduksjonen frå Årset i 2025 er den lågaste som har vore målt til no, om lag 455 000 m³, litt lågare enn i 2024 og ei halvering frå 2002. Årsaka er redusert lekkasjetap.



Ullavika Reinseanlegg



Inntak Riksheimdalen Kraftstasjon

STYRET SI MELDING

Sykkylven Energi Holding AS vart stifta 27. mars 2020. Selskapet er konsernspiss i Sykkylven Energi konsernet. Selskapet er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven og konsernets verksemd er lokalisert innanfor Sykkylven kommune.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2025 hatt desse medlemmane:

Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nestleiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Per Magne Drotninghaug og Bjørnar Akselvoll Lade.

Styret har avhalde 6 styremøte i 2025 og 37 protokollerte saker er handsama. Det er ikkje teikna styreansvarsforsikring for styrets medlemmer eller administrerande direktør.

ORGANISERING

Frå 1. januar 2021 var det krav til selskaps messig skilje mellom EL-distribusjon (nettverksemda) og anna verksemd. For å tilpasse seg dei lovpålagte krava vart Sykkylven Energi konsernet etablert.

Sykkylven Energi konsernet (SE konsern) består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS (SE Holding), og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS (SE) og Straumen Nett AS (SN). I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. SE er også engasjert i utbygging og utleige av fiber i Sykkylven kommune.

Straumen Nett AS (SN) eig og driftar distribusjonsnettet i Sykkylven Kommune. Føremål med verksemda er overføring av elektrisk kraft med høg leveringssikkerheit og leveringskvalitet til kundar i Sykkylven kommune, samt å drive anna verksemd i samband med dette.

Sykkylven Miljøpark AS driv med utleige av eigedom (Sykkylven Miljøstasjon).

ØKONOMI

Samla driftsinntekter for SE Holding i 2025 var kr 6.890.336 (6.889.137) medan samla driftskostnader var kr 6.258.400 (6.408.301). Driftsresultatet vart kr 631.936 (480.836).

Samla driftsinntekter for SE konsernet i 2025 var kr 118.802.010 (115.318.594) medan samla driftskostnader var kr 90.701.539 (94.215.186). Driftsresultatet vart kr 28.100.471 (21.103.407).

Årsresultatet etter skatt vart på kr 14.271.887 (7.519.303) for SE Holding AS. Årsresultatet består hovudsakeleg av utbytte frå Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. Årsresultat før skatt for SE konsernet viser kr 19.033.491 (11.434.138) og resultat etter skatt kr 14.824.724 (8.857.141).

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er normalt den viktigaste bidragsytaren til SE sitt resultat. Våre tre kraftstasjonar produserte til saman 52,2 GWh i 2025. Spotprisen på eigenprodusert kraft i 2025 vart 29,7 øre per kWh, medan gjennomsnittleg kraftpris i vårt prisområde var 24,8 øre per kWh. Vi har dermed oppnådd ein høgare pris enn marknadsprisen i området, noko som i stor grad skuldast innføring av prisavhengig innmelding av kraftproduksjon. Styret forventar eit godt resultatnivå framover, men resultatet vil vere sterkt avhengig av kraftprisane i marknaden.

NVE berekna årleg ei tillat inntekt for kvart nettselskap. Den tillatne inntekta avgjer kor mykje tariffinntekter SN kan ta inn frå kundane. Tillat inntekt består i hovudsak av ei inntekts ramme fastsett av NVE, men også av kostnader til overliggjande nett. Inntektsramma vert årleg fastsett med utgangspunkt i selskapet sitt kostnadsgrunnlag, KPI og rente, og ramma vil derfor svinge frå år til år.

SE Holding har gjennom året hatt ein samla kontantstraum frå driftsaktivitetar på kr 7.166.904 (8.109.561).

Konsernet har gjennom året hatt ein samla kontantstraum frå driftsaktivitetar på kr 27.836.603 (26.818.609). Investeringar i konsernet i 2025 utgjorde kr 33.647.245 inkl. anlegg under arbeid. Det forventast eit høgt investeringsnivå i åra framover. I Sykkylven Energi skal ein gjennomføre oppgradering av vassbehandlingsanlegg og imøtekomma auka krav til reinsing av avløp. I tillegg er det behov for auka leidningsutskifting for å oppretthalde nasjonal målsetting om 100 års levetid. Elektrifisering av transportsektoren, reinvestering av gamle høgspenningslinjer og auka aktivitet i industrien fører til at også Straumen Nett står ovanfor auka investeringar i åra som kjem. Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar var på kr 3.254.747 (-10.673.897).

SE Holding og SE konsernet har ei tilfredsstillande finansiering. SE Holding har ein totalkapital på kr 328.122.170 (304.209.616) og ein egenkapital på kr 132.415.273 (132.143.386). Selskapet sin egenkapitalprosent er ved årsskiftet 40,4 % (43,4 %). Med ein totalkapital i konsernet på kr 382.960.997 (367.455.850) og

ein eigenkapital på kr 157.259.255 (156.434.532) vurderer styret SE Holding og SE konsernet sin finansielle stilling etter utbytte-utdeling som tilfredsstillande.

FINANSIELL RISIKO

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følgje av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar. Konsernet sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen vert påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE kan nytte finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. SE har i 2025 ikkje hatt aktive sikringskontraktar og det er heller ikkje inngått sikringskontraktar for 2026. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet er i Euro. Det er ikkje inngått valutakontrakter for 2025 eller hittil i 2026. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

Pensjonsmidlane konsernet har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom forvaltning i Kommunal Landspensjonskasse, KLP.

Renterisiko påverkar konsernet gjennom renteberekning av sjølvkostområda, nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Renteendringar vil for sjølvkostområda og nettverksemda i stor grad utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader. For konkurranseutsett verksemd som kraftproduksjon og fiber vil auke i renta gi auke i finanskostnader og redusert resultat.

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følgje av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Konsernet har liten risiko for tap på fordringar, då legalpant kan nyttast i innfordringa av eigedomsgebyr og rett til å stenge anlegg er et nyttig tiltak i innfordringa av nettleige.

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at konsernet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i drifts- midlar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Konsernet har evne til å finansiere drift og investeringar gjennom tilgang på likviditet frå innbetalt eigedomsgebyr, kraftsal, nettleige og utleige av fibernett. Konsernet har også tilgang på naudsynt likviditet via ekstern bank. Konsernet har inngått avtale om konsernfinansiering som sikrar selskapa tilgang på tilgjengelege trekkrettigheter. Risikoen vert difor vurdert som låg.

VATN, AVLØP OG RENOVASJON

Dei lovpålagte oppgåvene SE utfører på vegner av Sykkylven kommune skal drivast etter sjølvkostprinsippet. Sjølvkost inneber at abonnentane skal dekke dei samla kostnadene ved å produ-

sere tenestene. Selskapet skal over tid gå i økonomisk balanse på sjølvkostområda. Eventuelle over- eller underskot blir avsett til sjølvkostfond.

Attvin (tidligere Ålesundsregionens Interkommunale Miljøsel-skap IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet, samt drifta av miljøstasjonen i Sykkylven.

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 42.399.608, medan driftskostnadane var kr 36.751.272. Renter på fond og investeringar vart på kr 4.661.282.

Dei akkumulerte sjølvkostfonda er negative per 31.12.2025 med totalt kr 9.776.255. For vatn er det negative fondet redusert med kr 1.085.570 til kr -3.196.860, medan avløp er redusert med kr 456.971 til kr -7.467.112. For renovasjon er positivt fond redusert med kr 531.456 til kr 887.717. Samla sett inneber dette ei betring i sjølvkostfonda på kr 1.011.085 i 2025.

Det har vore få uønska hendingar i løpet av året, men rekne-skapen viser framleis bruk av fond som følgje av auka sjølvkost-rente dei siste åra. Det er utarbeidd ein plan for å dekke inn dei negative fonda.

PRODUKSJON I EIGNE KRAFTSTASJONAR

Riksheim kraftstasjon	26,8 GWh
Riksheimdal kraftstasjon	21,8 GWh
Ramstaddal kraftstasjon	3,6 GWh
Sum eigenproduksjon	52,2 GWh

Spotinntekta frå 52,2 GWh var 15,5 mill. kr, dette gir ein gjen-nomsnittleg pris på 29,7 øre/ kWh eks mva. Utover dette har SE hatt ekstraintekter frå sal av opprinnelsesgarantiar (GO) på 0,6 mill. kr i 2025. Prisane på opprinnelsesgarantiar frå vasskraft har falle som følgje av eit vedvarande overskot i marknaden og lågare etterspurnad etter eldre produksjon. Marknaden for opp-rinnelsesgarantiar frå vasskraft er prega av aukande usikkerheit knytt til både framtidig prisutvikling og etterspurnad.

FIBER

SE leverer fiber i Sykkylven kommune, og har ein samarbeids-avtale med NextGenTel for tenesteleveranse til hushaldskundar. Næringslivskundar i Sykkylven kan fritt velje leverandør av brei-bands- og IKT-tenester gjennom SE sitt fibernett.

EL-DISTRIBUSJON

Totalt vart det i SN sitt linjenett transportert 141,7 GWh i 2025. Tap i nettet var på 6,5 GWh (4,6 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i kommunen var 125,3 GWh.

I 2025 vart det berekna ei mindreinntekt på kr 2.422.015.

Berekna fond for meirinntekt inkl. renter pr. 31.12.25 er på kr 5.159.382 (7.296.591). Kostnader til transport av energi i ovanfor liggjande nett (nettleige til Linja og til Statnett SF) er venta å auke i åra som kjem, og fonda vil bli reduserte i tråd med dette. Kostnadar til transport av energi i ovanfor liggjande nett var i 2025 på 16,3 mill. (12,9) Dette utgjer 38,9 % (29,6%) av nettleiga til SN sine kundar.

Kostnadar grunna avbrot i elforsyninga i eige nett, KILE, er i 2025 kr 495.000 (kr 447.000 på grunn av driftsforstyringar og kr 48.000 på grunn av varsla avbrot).

ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING

Det har vært 3 tilsette i SE Holding gjennom året, som har utført 3,0 årsverk. Sjukefråværet var i 2025 på 0,1 %. Sjukefråværet i konsernet var i 2025 på 4,8 %. Det er ikkje registrert yrkesskadar eller arbeidsulykker i 2025.

SE konsernet har eit verneombod. SE konsernet er også medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande.

Arbeidsstokken i konsernet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 20 fast tilsette (3 kvinner og 17 menn) som utførte 19 årsverk. SN har i tillegg to lærlingar. Konsernet har ei målsetting om å ha lærlingar til ei kvar tid.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsettast i alle stillingar i konsernet, og under elles like føresetnader vert kjønnsbalanse prioritert ved tilsetting. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE Holding sine pensjonsmiddel er aktuarberekna til kr 96.542. Beløpet er rekneskapsført. Ikkje rekneskapsført del av forpliktingane (aktuariel gevinst inkl arbeidsgivaravgift) utgjer kr 117.110 (0).

SE konsernet sine pensjonsmiddel er aktuarberekna til kr 4.394.659. Ikkje rekneskapsførde del av forpliktingane (aktuariel gevinst inkl arbeidsgivaravgift) utgjer kr 1.468.167 (13.679). SE konsernet er medlem i «Samfunnsbedriftene» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

DISKRIMINERING

Konsernet godtek inga form for diskriminering. Det omhandlar lik behandling for alle, uavhengig av etnisitet, nasjonalitet, kjønn, hudfarge, religion og livssyn. Personalpolitikken skal vere tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd.

FORSKING OG UTVIKLING

Selskapet har ingen pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi.

YTRE MILJØ

Konsernet er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsleppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjonen må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. Eit døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der røyrgata er sprengt ned i fjell.

Konsernet drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

Utbygging av distribusjonsnett påverkar det ytre miljøet gjennom bygging og drift av luftlinjer, jordkabler, sjøkabler og transformatorstasjonar. Det ytre miljøet blir påverka reint visuelt, samstundes som det legg beslag på areal og medfører restriksjonar på bruk nær linjene. Distribusjon som skjer i regi av SN må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag nær 70 % av straumnettet lagt som jord og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss.

OPENHEITSLOVA

Openheitslova sitt formål om å fremja respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og tenester. Sykkylven Energi konsernet er underlagt openheitslova, som er nært knytt til FN's berekraftsmål nr. 8 om anstendig arbeid og økonomisk vekst, og nr. 12 om ansvarleg forbruk og produksjon.

Openheitslova slår fast at verksemdar som er omfatta av lova skal utføre varsemdvurderingar. Varsemdvurderingar er ein prosess der eit selskap kartlegg, førebygg, avgrensar og gjer greie for handteringa av eksisterande og moglege negative konsekvensar av verksemda. For å få informasjon om risikoen for at verksemda driv i strid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold arbeider selskapet med å kartlegge og risikovurdere konsernet sine leverandørar og

forretningssamband på eit overordna nivå. Varsemdvurderingar er ein kontinuerleg prosess. Selskapet sine varsemdvurderingar ligg tilgjengeleg på selskapet sine nettsider i form av ei utgreiing og vert offentleggjort årleg samstundes med årsrekneskapen.

GENERELT

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2025 er sett opp under denne føresetnaden.

SE konsernet har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigaste samarbeidspartar er Linja og Nordvest Nett. Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer.

DISPONERING AV ÅRSRESULTAT SYKKYLVEN ENERGI HOLDING AS

Styret foreslår følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 14.271.887 for 2025:

- kr 14.000.000 vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr 271.887 vert overført til annan eigenkapital.


Styret for
Sykkylven Energi
Holding AS,
23. april 2026


Steinar Johan Bakke
Styreleiar


Kristin Grebstad
Nestleiar


Jarle Strømmegjerde
Styremedlem


Odd Arne Krüger
Styremedlem


Renate Karlsen
Styremedlem


Per M. Drotninghaug
Styremedlem


Bjørnar Akselvoll Lade
Styremedlem


Per Arne Edvardsen
Adm.dir

Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

Revisor  BankID Qualified Signing
Klokk, Tormod
2026-04-23
Postboks 197
6259 Sykkylven

www.revisorklokk.no
Telefon: 70 26 48 10
Epost: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlinga i
Sykkylven Energi Holding AS
6230 Sykkylven

MELDING FRÅ UAVHENIG REVISOR FOR 2025

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert **Sykkylven Energi Holding AS** sin årsrekneskap som består av:

- selskapsrekneskapen som viser eit overskot på kr 14.271.887. Årsrekneskapen for selskapet er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.
- konsernrekneskapen som viser eit overskot på kr 14.824.724. Konsernrekneskapen for konsernet er samansett av balanse per 31. desember 2025, resultatrekneskap, oppstilling over endringar i eigenkapital og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og notar til årsrekneskapen, og eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisebilde av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisebilde av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2025, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Medlemmer av Den norske Revisorforening
Revisorregisteret/Foretaksregisteret NO 999 125 484 MVA
Autorisert regnskapsførerselskap

Revisor Kløkk AS

statsautoriserte revisorer

Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga og ytterlegare informasjon som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon omfattar introduksjon av selskapet og konsernet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap. Vår konklusjon om årsrekneskapen over dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga, annan ytterlegare informasjon og årsrekneskapen og den kunnskapen vi har opparbeidd oss under revisjonen, eller om informasjonen i årsmeldinga og annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har plikt til å rapportere om årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon inneheld vesentlege feil. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gjev eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ein finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjersle som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare beskriving av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Sykkylven, 23. april 2026

Revisor Kløkk AS



Tormod Kløkk
statsautorisert revisor

RESULTATREKNESKAP

Sykkylven Energi Holding AS

Sykkylven Energi Konsern

2025	2024	Note	Resultatrekneskap	Note	2025	2024
Driftsinntekter og driftskostnader						
6 890 336	6 889 137	3	Salsinntekter	1,2	102 720 082	99 310 340
			Andre driftsinntekter		16 081 928	16 008 254
6 890 336	6 889 137		Sum driftsinntekter	4	118 802 010	115 318 594
Varekostnader						
4 148 290	4 457 864	5,6	Lønskostnader m.m.	5,7	20 906 386	18 138 074
145 309	147 077	8	Avskrivning på driftsmiddel og immaterielle egedelar	8	11 654 193	18 810 936
1 964 801	1 803 360	3,5	Andre driftskostnader	5	16 404 726	15 960 860
6 258 400	6 408 301		Sum driftskostnader	4	41 736 234	41 305 317
631 936	480 836		Driftsresultat	4	90 701 539	94 215 186
Inntekt på investering i anna foretak i same konsern						
13 500 000	7 000 000		Renteinntekt frå foretak i same konsern			
9 050 222	9 543 971	3,9	Andre renteinntekter		205 956	128 800
115 998	37 807		Andre finansinntekter		78 510	66 676
29 881	42 941	3	Rentekostnad til foretak i same konsern			
8 658 307	9 204 538	10	Andre rentekostnader	10	8 950 807	9 459 258
116 165	155 204		Andre finanskostnader		400 638	405 488
13 861 867	7 179 096		Resultat av finansposter		(9 066 980)	(9 669 270)
14 493 803	7 659 932		Resultat før skattekostnad		19 033 491	11 434 138
221 916	140 629	11	Skattekostnad på ordinært resultat	12	4 208 767	2 576 997
14 271 887	7 519 303		Ordinært resultat		14 824 724	8 857 141
Ekstraordinære inntekter og kostnader						
14 271 887	7 519 303	13	Årsoverskot	13	14 824 724	8 857 141
Overføringer						
14 000 000	7 000 000		Avsett til utbytte		14 000 000	7 000 000
271 887	519 303		Overført frå overkurs			
			Til/frå annan eigenkapital		824 724	1 857 141
14 271 887	7 519 303		Sum overføringer		14 824 724	8 857 141

BALANSE

Sykkylven Energi Holding AS

Sykkylven Energi Konsern

2025	2024	Note	Balanse	Note	2025	2024
EIGEDLAR						
ANLEGGSMIDDEL						
51 443	139 634	11	Utsett skattefordel	12	1 356 687	3 052 669
51 443	139 634		Sum immaterielle egedelar		1 356 687	3 052 669
271 394	118 443		Tomter, bygg o.a. fast egedom	10	315 978 106	300 300 885
490 081			Transportmiddel, inventar og maskinar	10	13 871 397	14 277 335
			Anlegg under arbeid		5 856 663	3 885 424
761 475	118 443	8	Sum varige driftsmiddel	8	335 706 165	318 463 645
130 782 443	130 782 443	14	Investeringar i dotterselskap			
178 200 000	161 165 273	3,9	Investeringar i aksjer og andelar	15	370 315	370 315
128 772	115 515		Lån til foretak i same konsern			
96 542			Andre langsiktige krav		1 796 115	1 645 233
			Pensjonsmidlar		4 394 659	0
309 207 755	292 063 231		Sum finansielle anleggsmiddel		6 561 089	2 015 548
310 020 673	292 321 308		Sum anleggsmiddel		343 623 941	323 531 861
OMLØPSMIDDEL						
			Varelager		4 883 845	5 218 379
1 559 961	1 173 245	3	Kundekrav	10	16 140 089	18 045 038
13 500 000	7 000 000	3	Krav mot konsernselskap			
10 250	61 729		Andre kortsiktige krav		2 715 038	1 495 508
			Fond	2,16	9 776 255	10 787 340
15 070 211	8 234 974		Sum krav		28 631 382	30 327 885
3 031 896	3 653 334	17	Bankinnskott, kontantar og liknande	17	5 821 829	8 377 723
18 102 107	11 888 308		Sum omløpsmiddel		39 337 056	43 923 988
328 122 780	304 209 616		Sum egedelar		382 960 997	367 455 850

BALANSE

Sykkylven Energi Holding AS

Sykkylven Energi Konsern

2025	2024	Note	Balanse	Note	2025	2024
EGENKAPITAL OG GJELD						
EGENKAPITAL						
19 800 000	19 800 000		Aksjekapital		19 800 000	19 800 000
104 446 873	104 446 873		Fond/overkurs		104 446 873	104 446 873
8 168 400	7 896 513		Annan egenkapital		33 012 382	32 187 659
132 415 273	132 143 386	13	Sum egenkapital	13	157 259 255	156 434 532
GJELD						
	384 922	6	Pensjonsplikter	7		343 038
	384 922		Sum avsetning for plikter			343 038
178 200 000	161 165 275	10	Gjeld til kredittinstitusjonar	10	178 200 000	161 165 275
178 200 000	161 165 275		Sum langsiktig gjeld		178 200 000	161 165 275
			Annan gjeld til kredittinstitusjonar	10,17	1 110	6 781 089
768 691	210 850	3	Leverandørgjeld		9 632 578	4 811 191
133 725	49 591	11	Betalbar skatt	12	2 512 785	3 515 700
199 991	841 527		Skuldige offentlege avgifter		10 018 110	14 102 908
14 000 000	7 000 000		Utbytte		14 000 000	7 000 000
			Fond	2	5 159 382	7 296 591
2 405 100	2 414 065		Anna kortsiktig gjeld		6 177 776	6 005 526
17 507 507	10 516 033		Sum kortsiktig gjeld		47 501 742	49 513 005
195 707 507	172 066 230		Sum gjeld		225 701 742	211 021 318
328 122 780	304 209 616		Sum gjeld og egenkapital		382 960 997	367 455 850

Styret for Sykkylven Energi Holding AS, 23. april 2026


Steinar Johan Bakke
Styreleiar


Kristin Grebstad
Nestleiar


Jarle Strømmegjerde
Styremedlem


Odd Arne Krüger
Styremedlem


Renate Karlsen
Styremedlem


Per M. Drotninghaug
Styremedlem


Bjørnar Akselvoll Lade
Styremedlem


Per Arne Edvardsen
Adm.dir

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskaps-skikk.

KONSERN

Sykkylven Energi konsernet består av morselskapet Sykkylven Energi Holding AS, og dei to 100 % eigde dotterselskapa Sykkylven Energi AS og Straumen Nett AS. I tillegg inngår Sykkylven Miljøpark AS som eit 100 % eigd dotterselskap av Sykkylven Energi AS.

01.01.2021 vart nettverksemda i Sykkylven Energi AS fisjonert ut til Straumen Nett AS. Fisjonen vart gjennomført med rekneskapsmessig og skattemessig kontinuitet. Frå same dato vart dei tilsette overført til dei nye selskapa.

Etter fisjonen og omstruktureringa inngår selskapet i konsernrekneskapet til Sykkylven Energi Holding AS. I konsernrekneskapen er posten aksjar i dotterselskap erstatta med dotterselskapet sine eigedelar og gjeld. Konsernrekneskapen er utarbeidd som om konsernet var ei økonomisk eining. Transaksjonar og mellomverande mellom selskapa i konsernet er eliminert. Konsernrekneskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at dotterselskapa følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet. Sirkelkonsernbidrag er presentert netto i rekneskapen.

Konsernrekneskapet kan ein få utlevert på Sykkylven Energi Holding AS sitt hovudkontor, Haugsetvegen 33, 6230 Sykkylven.

SALSINNTEKTER

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonstidspunktet). Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Nettverksemda er regulert av styresmakte-

ne, ved at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årleg inntektsramme for selskapet. Inntektsramma vert ført som inntekt, inkludert renter av meir- mindre-inntekt frå tidlegare år.

HOVUDREGL FOR VURDERING OG KLASIFISERING AV EIGEDELAR OG GJELD

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmiddel. Krav som skal betalast attende innan eitt år, er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, men vert nedskrivne til reell verdi når ein ventar at verdifallet ikkje er forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne etter planen. Langsiktige lån vert balanseført til nominelt motteke beløp på tidspunktet for etableringa. Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi.

Kortsiktig gjeld vert ikkje skrive opp til reell verdi som følge av renteendring. Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen på balansedagen.

Enkelte postar er vurdert etter andre prinsipp og vert gjort greie for nedanfor.

AKSJAR I ANDRE SELSKAP

Aksjar i andre selskap er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapen.

FORDRINGAR

Kundekrav og andre krav vert oppført til pålydande etter fråtrekk for avsetjing til forventa tap.

Avsetjing til tap vert gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei einskil-

de krav. For kundekrav vert det i tillegg gjort ei uspesifisert avsetjing for å dekkje forventa tap.

MEIR/MINDRE INNTEKT NETTVERKSEMD

Avvik mellom faktiske tariffinntekter og inntektsramma gitt av NVE vert utrekna i form av ei meir/mindreinntekt. Akkumulert meir/mindreinntekt vert rekneskapsført anten som gjeld til, eller krav mot nettkundane. Av akkumulert meir/mindreinntekt vert det berekna rente etter satsar fastsett av NVE.

MEIR/MINDREINNTEKT VATN, AVLØP OG RENOVASJON

For å sikre at eigedomsgebyra vert meir stabile over tid vert årets meir/mindreinntekt i forhold til innkravd gebyr, avsett til eigne fond i balansen. Fonda vert hand-sama som eit krav eller gjeld til kundane, alt etter om dei er positive eller negative. Fonda vert renteberekna.

BANKINNSKOT, KONTANTAR O.L.

Bankinnskot, kontantar og liknande inkluderer kontantar, bankinnskot og andre betalingsmiddel for forfallsdato som er kortare enn tre månader frå anskaffing.

PENSJONAR

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga blir dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Selskapet si plikt er bokført.

SKATTAR

Skattekostnaden blir samanlikna med rekneskapsmessige resultat før skatt. Skattekostnaden består av betalar skatt (skatt på den direkte skattepliktige inntekta for året) og endring i netto utsett skatt/

skattefordel. Utsett skatt utgjør 22 % av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdier. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer i same periode er utlikna. Skattekostnaden blir fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar etter skattegrunnlaget. Utsett skatt og utsett skattefordel er presentert netto i balansen.

FINANSIELLE INSTRUMENT

Finansielle derivat vert i rekneskapen handsama i samsvar med intensjonen når ein inngår avtalane.

SIKRING

Sykkylven Energi inngår finansielle kontraktar hovudsakleg for å prissikre delar av kraftproduksjonen mot svingingar i pris og valutakurs. Sykkylven Energi er utsett for valutarisiko fordi oppgjersvalutaen på kraftkontraktar er i Euro. For kontraktar klassifisert som sikring, resultatførast realiserte tap og gevinstar i leveringsperioden og saman med sikringsobjektet. Tap og gevinst er utrekna som differansen mellom kontraktspris og spotpris.

TRADING

Fysiske og finansielle sals- og kjøpskon-

traktar som ikkje er meint å dekkje leveringsforpliktingane, vert rekneskapsført som trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføljen vert resultatført. Kontraktar som opphavleg er inngått som trading, blir ikkje overført til sikringsporteføljen.

ANLEGGSTILSKOT

Anleggstilskot til investeringar frå det offentlege og frå private går til fråtrekk på balanseførte verdier.

Anleggstilskotet vert dermed periodisert over investeringa si økonomiske levetid i form av reduserte avskrivningar.

Demning Gamlestølsdammen



NOTAR TIL REKNESKAPEN

NOTE 1 FINANSIELL MARKNADSRISIKO

Marknadsrisiko

Marknadsrisiko er definert som risiko for tap som følge av endringar i marknadsprisar på renter, valutakursar og verdipapirkursar.

Resultatet for kraftproduksjonen vert påverka av tilsigssituasjonen og svingingar i kraftpris og valuta. Konsernet nyttar finansielle instrument (terminkontraktar) for å prissikre delar av inntektene frå kraftproduksjonen. Bakgrunn for dette er den store uvissa som knyt seg til kraftsalinntekter. Inntektene avheng av ein spotpris som kan svinge mykje. Konsernet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle handelen og risikoeksponeringa. Sikringshorisont er opp til 2 år. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Konsernet har i 2025 ikkje hatt aktive sikringskontrakter. Det er heller ikkje inngått sikringskontrakter hittil i 2026.

Konsernet er eksponert for valutarisiko fordi den nordiske kraftbørsen, Nordpool, nyttar Euro som oppgjersvaluta for kraftsalet. Konsernet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle handelen og risikoeksponeringa. Sikringshorisont er opp til 2 år. Realiserte tap eller gevinstar vert resultatført i leveringsperioden. Det er ikkje inngått sikringskontrakter for valuta i 2025 eller hittil 2026.

Pensjonsmidlane vi har er risikoutsett både innanfor renter, valutakursar og verdipapirkursar. Risikoeksponering og sikring er styrt gjennom forvaltning i Kommunal Landspensjonskasse KLP.

Renterisiko påverkar konsernet gjennom renteberekning av sjølvkostområda, nettregulering knytt til inntektsramma og renteberande gjeld. Renteendringar vil for sjølvkostområda og nettvirksomheita i stor grad utlikne kvarandre gjennom endring i inntekter og kostnader. For konkurranseutsett verksemd som kraftproduksjon og fiber vil auke i renta gi auke i finanskostnader og redusert resultat.

Kredittrisiko

Kredittrisiko er definert som risiko for tap som følge av at kundar eller motpartar ikkje har evne til å oppfylle forpliktingane sine. Konsernet har liten risiko for tap på krav, då legalpant kan nyttast i innfordringa av eigeomsgebyr og rett til å stenge anlegg er et nyttig tiltak i innfordringa av nettleige.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er definert som risiko for at konsernet ikkje klarer å oppfylle forpliktingane sine og/eller finansiere auke i driftsmidlar utan at selskapet vert påført vesentlege ekstrakostnader. Konsernet har tilgang på naudsynt likviditet via ekstern bank. Konsernet har også inngått avtale om konsernfinansiering og her har selskapa tilgang på tilgjengelege trekkrettigheter som sikrar svingingar i kortsiktig likviditetsbehov. Risikoen blir difor vurdert som låg.

NOTE 2 - MEIR-MINDREINNTTEKT DISTRIBUTJON

Konsern

NVE har i enkeltvedtak fastsett inntektsramme for Straumen Nett AS.
Ordinær KILE (Kvalitetsjustert inntektsramme ved ikkje levert energi) kjem til frådrag.
I tillegg kan ein dekke inn kostnader ved overliggande nett.

	2025	2024
Inntektsramme gitt av NVE	28 000 000	27 823 000
Kostnader overliggande nett	16 327 601	12 895 742
Kostnader til FoU og Elhub	458 196	455 492
Avvik avskr og avkastn på avk.grunnlag	389 539	-1 635 834
Tillat inntekt ekskl kile i eige nett	45 175 336	39 538 399
Tariffinntekter	41 933 794	43 628 913
Flaskehalsinntekter overført frå Statnett		210 352
Andre inntekter (purregebyr, renter kundefordringar, opp/nedtaking anleggskasser etc.)	324 450	263 491
Sum faktisk inntekt	42 258 244	44 102 756
Estimatavvik		
KILE justert for utbetaling svært langvarige avbrot	495 077	1 390 000
Berekna meir/mindreinntekt (- /+) i året	2 422 015	-5 954 357

	2025	2024
Utvikling fond		
Meir/mindreinntekt inkl. renter per. 01.01.	7 296 591	1 139 565
Årets meir-/mindreinntekt	-2 422 015	5 954 357
Avsette renter	284 805	202 669
Meir/mindreinntekt inkl. renter per. 31.12.	5 159 382	7 296 591

Meirinntekt oppstår når selskapet har henta inn meir inntekter frå kundane, enn det årleg tillat inntekt frå NVE tilseier. Beløpet vert sett av i eit positivt fond og vert rapportert som gjeld til kundane i rekneskapen vår. Beløpet vil bli tilbakeført kundane på eit seinare tidspunkt.

Mindreinntekt oppstår når selskapet har henta inn mindre inntekter frå kundane, enn det årleg tillat inntekt frå NVE tilseier. Beløpet vert sett av i eit negativt fond og vert rapportert som eit krav i rekneskapen vår. Beløpet vil bli belasta kundane på eit seinare tidspunkt.

Denne forma for periodisering sikrar at nettleiga vert meir stabil, og kundane unngår at kostnadene svingar mykje frå det eine året til det andre.

Avkastningsgrunnlag	2025
Sum driftsmiddel etter fordeling per 1.1	90 096
Sum driftsmiddel etter fordeling per 31.12	92 491
Gjennomsnittleg driftsmiddel	91 294
1 % påslag nettkapital	913
Avkastningsgrunnlag	92 207
Driftsresultat frå note 4	9 070
Avkastning (driftsresultat*100/avkastningsgrunnlag)	9,84 %

NOTE 3 - OVERSIKT NÆRSTÅANDE OG ANDRE PARTAR. TRANSAKSJONAR MED SELSKAP I SAME KONSERN

Morselskap

Oversikt nærstående partar og andre konserntilknytingar

Nærstående part	Tilknyting	Eigardel
Sykkylven Energi AS	Dotterselskap	100 %
Straumen Nett AS	Dotterselskap	100 %
Sykkylven Miljøpark AS	Eigd av dotterselskap	100 %

Andre konserntilknytingar	Tilknyting	Eigardel
Elsikkerhet Møre AS	Eigd av dotterselskap	9,10 %
Per Arne Edvardsen	Administrerende direktør	0 %
Steinar Johan Bakke	Styreleiar	0 %

Selskapet har gjennomført fleire ulike transaksjonar med nærstående partar. Alle transaksjonane er gjennomført som ein del av den ordinære verksemda og til armlengdes prisar.

Transaksjonar med selskap i same konsern:

	2025	2024
Sal av varer og tenester	6 890 336	6 889 137
Kjøp av varer og tenester	310 830	279 536
Renteinntekt	9 050 222	9 543 971
Rentekostnad	29 881	42 941

Mellomverande med selskap i same konsern:

	2025	2024
Kundekrav	1 559 961	1 173 245
Krav mot konsernselskap	13 500 000	7 000 000
Andre kortsiktige krav		
Sum krav	15 059 961	8 173 245
Lån til foretak i same konsern	178 199 998	161 165 273
Sum finansielle anleggsmiddel	178 199 998	161 165 273
Leverandørgjeld	102 002	125 085
Gjeld til foretak i same konsern		
Sum kortsiktig gjeld	102 002	125 085

NOTE 4 - REKNESKAP FORDELT PÅ FORRETNINGSOMRÅDE
Konsern

	Produksjon	Nettverksemd	Vatn	Avløp	Renovasjon	Anna verksemd	Eliminering	Sum
Salg av energi	15 941 537	709 765						16 651 303
Nettinntekt		42 258 243						42 258 243
Inntekt sjølvkost			9 699 051	20 083 071	12 617 486			42 399 608
Til/frå fond		2 422 014	-1 085 570	-456 971	531 456			1 410 929
Andre driftsinntekter		149 402	21 481	0	2 550	25 298 078	-9 389 583	16 081 928
Sum driftsinntekter	15 941 537	45 539 425	8 634 962	19 626 100	13 151 492	25 298 078	-9 389 583	118 802 010
Kjøp av energi		707 265						707 265
Transport av energi	1 479 813	16 327 601						17 807 414
Tap i nettet		1 972 419						1 972 419
Løn - og personalkostnader	-65 850	3 628 673	-57 229	2 482 303	63 992	5 774 319	-172 016	11 654 193
Andre driftskostnader	4 121 538	10 104 946	4 313 025	8 550 828	12 916 559	7 120 116	-9 217 567	37 909 447
Leigekostnader sjølvkost			1 663 320	2 310 888	221 520			4 195 728
Avskrivningar	2 831 835	3 730 682	1 316 906	2 969 160		5 556 143		16 404 726
Tap på krav		-1 872				52 220		50 345
Sum driftskostnader	8 367 336	36 469 715	7 236 022	16 313 179	13 202 071	18 502 799	-9 389 583	90 701 539
Driftsresultat	7 574 201	9 069 710	1 398 940	3 312 921	-50 579	6 795 279	0	28 100 471
Renter meir-/ mindre- inntekt (fondsmidler)			-163 866	-337 246	50 579			
Renter på sjølvkost-investeringar			-1 235 074	-2 975 675				
Driftsresultat sjølvkost etter rentejustering			0	0	0			

Generator Riksheim Kraftstasjon



NOTE 5 - LØNSKOSTNADER, TAL PÅ TILSETTE, LÅN TIL TILSETTE OG GODTGJERING AV REVISOR**Morselskap**

Lønskostnader	2025	2024
Løn	3 567 204	3 339 662
Aktiverte timar egne investeringar		
Arbeidsgjervaravgift	367 545	382 210
Pensjonskostnader inkl aga*	123 016	622 756
Andre ytingar	90 525	113 234
Sum	4 148 290	4 457 864

*) Inkludert kostnad AFP livsvarig kr 49 251

Morselskapet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 3 årsverk.

Adm. dir er tilsett i Sykkylven Energi Holding AS.

Styrehonorar vert utbetalt frå Sykkylven Energi Holding AS.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 513 942	345 942
Anna godtgjering	47 684	

Leiande personar har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheit til dagleg leiar, styremedlemer eller andre nærstående partar.

Konsern

Lønskostnader	2025	2024
Løn	16 659 853	16 779 544
Aktiverte timar egne investeringar	-5 755 380	-3 955 131
Arbeidsgjervaravgift	1 792 860	1 810 961
Pensjonskostnader inkl aga*	-1 848 008	3 462 403
Andre ytingar	804 868	713 159
Sum	11 654 193	18 810 936

Konsernet har i rekneskapsåret sysselsett totalt 23 årsverk. (21 fast ansatte og 2 lærlinger)

Revisor**Morselskap**

Kostnadsført revisjonshonorar for 2025 utgjer kr 75.750

I tillegg kjem bistand til årsoppgjer og annan bistand med kr 23 700

Konsern

Kostnadsført revisjonshonorar for 2025 utgjer kr 286 400

I tillegg kjem attesteringsstenestar med kr 75 350, bistand til årsoppgjer 83 950 og annan bistand med kr 4 450.

NOTE 6 PENSJONSKOSTNADER - MIDLAR OG FORPLIKTINGAR

Morselskap

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei definert yting i høve til tariffavtalen i kommunal sektor.

Årets pensjonskostnad frå KLP er påverka av ei planendring knytt til innføring av AFP livsvarig for tilsette fødte i 1963 eller seinare. Tidlegare har denne AFP-ordninga vore rekneskapsført som ei ytingsbasert pensjonsordning, der føretaket har berekna og balanseført tilhøyrande pensjonsforpliktingar. Som følgje av nærare vurderingar frå KLP vert AFP livsvarig no klassifisert som ei innskotsbasert ordning, der kostnaden svarar til årets påløpte premie.

Planendringa blir resultatført først mot inngåande ikkje resultatført tap i berekna pensjonsforplikting. Overskytande blir resultatført som inntekt ved berekning av årets pensjonskostnad. I Sykkylven Energi Holding er planendringa på kr 910 612 splitta mellom kr 619 825 ført mot inngåande brutto pensjonsforplikting og 290 787 som inntekt. Planendringa er implementert i tala nedanfor.

PENSJONSKOSTNADER	2025	2024
Noverdi av årets opptening	417 935	519 590
Rentekostnad	252 801	218 126
Brutto pensjonskostnad	670 736	737 716
Forventa avkasting	-366 813	-284 072
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	15 579	13 983
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	319 502	467 627
Aga netto pensjonskostnad		
inkl. adm.kost	45 050	65 935
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)		89 194
Resultatført planendring	-290 787	
Resultatført pensjonskostnad	73 765	622 756
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)	0	11 022

PENSJONSFORPLIKTING	2025	2024
Brutto påløpt pensjonsforplikting	6 640 007	6 126 177
Pensjonsmidlar	6 827 257	6 043 675
Netto forplikting før arb.avgift	-187 250	82 502
Arbeidsgjevaravgift	-26 402	11 633
Netto forplikting inkl. aga	-213 652	94 135
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) ekskl.aga	102 638	
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	14 472	
Ikkje resultatførte planendringar		290 787
Balanseført nto forpl./(middel) etter aga	-96 542	384 922
Herav balanseført aga	-11 930	47 567

AVSTEMMING	2025	2024
Balanseført nto forplikting/(middel) UB i fjor	384 922	297 332
Resultatført pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	73 765	622 756
Aga innbetalt premie/tilskot	-68 613	-66 134
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	-486 616	-469 033
Ført mot egenkapital		
Ført mot egenkapital aga		
Balanseført nto forplikting/(middel) UB i år	-96 542	384 922

MEDLEMSSTATUS	01.01.2026	01.01.2025	01.01.2024
Tal på aktive	3	3	3
Tal på oppsatte	0	0	0
Tal på pensjonar	1	1	1
Gjennomsnittleg pensjonsgrunnlag, aktive	1 083 307	987 400	920 700
Gjennomsnittleg alder, aktive	54,93	53,93	52,93
Gjennomsnittleg tenestetid, aktive	15,27	14,27	13,27

FØRESETNADAR	31.12.2025	31.12.2024
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Lønsvekst	4,00 %	4,00 %
G-regulering	3,75 %	3,75 %
Pensjonsregulering	2,75 %	3,00 %
Forventa avkastning	6,20 %	5,90 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringstid	7	7
Korridorstorleik	10,00 %	10,00 %

Inntak Riksheim Kraftstasjon



NOTE 7 - PENSJONSFORPLIKTINGAR - MIDLAR OG FORPLIKTINGAR**Konsern**

Føretaket sitt pensjonsansvar i høve til den ordinære tariff-festa tenestepensjonsordninga er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse. Denne ordninga gir ei definert yting i høve til tariffavtalen i kommunal sektor.

Årets pensjonskostnad frå KLP er påverka av ei planendring knytt til innføring av AFP livsvarig for tilsette fødte i 1963 eller seinare. Tidlegare har denne AFP-ordninga vore rekneskapsført som ei ytingsbasert pensjonsordning, der føretaket har berekna og balanseført tilhøyrande pensjonsforpliktingar. Som følge av nærare vurderingar frå KLP vert AFP livsvarig no klassifisert som ei innskotsbasert ordning, der kostnaden svarar til årets påløpte premie.

Planendringa blir resultatført først mot inngåande ikkje resultatført tap i berekna pensjonsforplikting. Overskytande blir resultatført som inntekt ved berekning av årets pensjonskostnad. I Sykkylven Energi konsernet er planendringa på kr 10 510 581 splitta mellom kr 7 328 191 ført mot inngåande brutto pensjonsforplikting og kr 3 182 390 som inntekt. Planendringa er implementert i tala nedanfor.

PENSJONSKOSTNADER	2025	2024
Noverdi av årets opptening	2 391 070	3 048 056
Rentekostnad	2 873 917	2 603 721
Brutto pensjonskostnad	5 264 987	5 651 777
Forventa avkasting	-4 419 333	-3 628 061
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	86 172	82 956
Netto pensjonskostnad inkl. adm.kost	931 826	2 106 672
Aga netto pensjonskostnad		
inkl. adm.kost	131 388	297 040
Resultatført aktuarielt tap (gevinst)		1 058 691
Resultatført planendring	-3 182 390	
Resultatført pensjonskostnad	-2 119 176	3 462 404
Herav resultatført aga av aktuarielt tap (gevinst)	0	130 829

PENSJONSFORPLIKTING	2025	2024
Brutto påløpt pensjonsforplikting	77 786 203	72 429 924
Pensjonsmidlar	82 924 526	74 930 390
Netto forplikting før arb.avgift	-5 138 323	-2 500 466
Arbeidsgjevaravgift	-724 503	-352 565
Netto forplikting inkl. aga	-5 862 826	-2 853 031
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) ekskl.aga	1 286 738	11 989
Ikkje resultatført aktuarielt gevinst (tap) aga	181 429	1 690
Ikkje resultatførte planendringar		3 182 390
Balanseført nto forpl./ (middel) etter aga	-4 394 659	343 038
Herav balanseført aga	-543 074	42 391

AVSTEMMING	2025	2024
Balanseført nto forplikting/ (middel) UB i fjor	343 038	276 002
Resultatført pensjonskostnad inkl. aga og adm.kost	-2 119 176	3 462 403
Aga innbetalt premie/tilskot	-323 585	-419 585
Innbetalt premie/tilskot inkl. adm	-2 294 934	-2 975 782
Ført mot egenkapital		
Ført mot egenkapital aga		
Balanseført nto forplikting/ (middel) UB i år	-4 394 659	343 038

MEDLEMSSTATUS	01.01.2026	01.01.2025	01.01.2024
Tal på aktive	21	24	23
Tal på oppsatte	12	13	12
Tal på pensjonar	26	24	26
Gjennomsnittleg pensjonsgrunnlag, aktive	694 662	736 834	704 488
Gjennomsnittleg alder, aktive	45,4	51,3	51,9
Gjennomsnittleg tenestetid, aktive	16,9	18,0	20,7

FØRESETNADAR	31.12.2025	31.12.2024
Diskonteringsrente	3,90 %	3,90 %
Lønsvekst	4,00 %	4,00 %
G-regulering	3,75 %	3,75 %
Pensjonsregulering	2,75 %	3,00 %
Forventa avkasting	6,20 %	5,90 %
Agasats	14,10 %	14,10 %
Amortiseringstid	7	7
Korridorstorleik	10,00 %	10,00 %

NOTE 8 VARIGE DRIFTSMIDLAR

Morselskap

Varige driftsmidler	Kostpris 01.01.25	Tilgang	Avgang/ utrangering	Kostpris 31.12.25	Avskrivningar 01.01.25	Avgang/ utrangering	Årets	Akkumulerte avskrivningar 31.12.25	Balanseført verdi 31.12.25
Inventar, verktøy og edb	804 591	298 261		1 102 852	686 148		145 309	831 457	271 394
Anlegg under arbeid		490 081		490 081					490 081
Sum varige driftsmiddel	804 591	788 342		1 592 933	686 148		145 309	831 457	761 475

Konsern

Varige driftsmidler	Kostpris 01.01.25	Tilgang	Avgang/ utrangering	Kostpris 31.12.25	Avskrivningar 01.01.25	Avgang/ utrangering	Årets	Akkumulerte avskrivningar 31.12.25	Balanseført verdi 31.12.25
Bygg	19 097 260	40 814		19 138 074	12 086 529		590 222	12 676 751	6 461 323
Kraftstasjoner	120 509 515	18 189 174		138 698 689	55 802 771		2 801 415	58 604 186	80 094 503
Nettanlegg	196 588 320	5 114 945	455 267	201 247 998	123 513 717	455 267	1 754 918	124 813 367	76 434 631
Fibernet	91 036 792	1 399 426		92 436 218	31 853 808		4 566 366	36 420 174	56 016 044
Vatn	33 601 577	1 257 822		34 859 399	6 969 040		1 167 692	8 136 732	26 722 667
Avløp	80 485 634	3 519 569		84 005 202	14 684 179		2 911 590	17 595 769	66 409 433
Veglys	13 022 359	326 366		13 348 725	9 130 524		378 689	9 509 213	3 839 513
Renovasjon									
Sum tomter, bygg o.a. fast eiendom	554 341 456	29 848 116	455 267	583 734 305	254 040 568	455 267	14 170 892	267 756 192	315 978 106
Inventar, verktøy og edb	8 470 382	1 390 748		9 861 130	7 493 224		642 873	8 136 097	1 725 032
Transportmiddel	6 524 342	361 600		6 885 942	6 172 307		186 914	6 359 221	526 721
Samband, anna	2 065 121			2 065 121	1 960 940		21 522	1 982 461	82 659
Måling	22 083 527	75 545		22 159 072	9 239 567		1 382 525	10 622 092	11 536 984
Sum transportmiddel, inventar og maskinar	39 143 372	1 827 892		40 971 264	24 866 037		2 233 834	27 099 871	13 871 397
Anlegg under arbeid	3 885 426	1 971 237		5 856 663					5 856 663
Sum varige driftsmiddel	597 370 254	33 647 245	455 267	630 562 232	278 906 605	455 267	16 404 726	294 856 064	335 706 165

	Økonomisk levetid	Avskrivings- plan
Bygg	Inntil 50 år	Lineær
Tomter	Avskrivast ikkje	
Kraftstasjoner	Inntil 67 år	Lineær
Nettanlegg	Inntil 80 år	Lineær
Fibernet	Inntil 20 år	Lineær
Vatn	Inntil 40 år	Lineær
Avløp	Inntil 40 år	Lineær
Veglys	Inntil 20 år	Lineær
Inventar, verktøy og edb	Inntil 5 år	Lineær
Transportmidlar	Inntil 13 år	Lineær
Samband, anna	Inntil 10 år	Lineær
Måling	Inntil 15 år	Lineær

Varige driftsmidler fordelt pr. forretningsområde

Konsern

Varige driftsmidler	Produksjon	Vatn	Avløp	Nettanlegg	Fiber	Anna verksemd	Balanseført verdi 31.12.25
Bygg				3 125 863		3 335 459	6 461 323
Kraftstasjoner	80 094 503						80 094 503
Nettanlegg				76 434 631			76 434 631
Fibernet					56 016 044		56 016 044
Vatn		26 722 667					26 722 667
Avløp			66 409 433				66 409 433
Veglys						3 839 513	3 839 513
Renovasjon							
Sum tomter, bygg o.a. fast eigedom	80 094 503	26 722 667	66 409 433	79 560 494	56 016 044	7 174 972	315 978 106
Inventar, verktøy og edb	35 612	424 479	105 953	817 862	35 104	306 022	1 725 032
Transportmiddel		6 993		519 726			526 721
Samband, anna	13 223	6 612	6 612	56 212			82 659
Måling				11 536 981			11 536 984
Sum transportmiddel, inventar og maskinar	48 836	438 084	112 565	12 930 782	35 104	306 022	13 871 397
Anlegg under arbeid	-	748 185	368 655	4 246 109	3 634	490 081	5 856 663
Sum varige driftsmiddel	80 143 338	27 908 935	66 890 653	96 737 385	56 054 782	7 971 075	335 706 165

NOTE 9 LANGSIKTIGE LÅN TIL FORETAK I SAME KONSERN

Morselskap

	Beløp	Bokført verdi	Rente
Sykkylven Energi AS	130 491 900	130 491 900	3 mndr NIBOR + margin
Straumen Nett AS	47 708 100	47 708 100	3 mndr NIBOR + margin
Sykkylven Miljøpark AS			3 mndr NIBOR + margin
Sum		178 200 000	

Sykkylven Energi har inngått avtale om konsernfinansiering, der all bankgjeld er samla i konserntopp Sykkylven Energi Holding AS. Interne lån vert renteberegna og har same løpetid som konsernets eksterne låneopptak.

Sykkylven Energi har stilt sikkethet for morselskapets eksterne låneopptak.

NOTE 10 LÅN

Kreditor	Beløp	Bokført verdi	Rente	Løpetid	Forfall
Nordea	178 200 000	178 200 000	3 mndr NIBOR + margin	12+12 mnd	2027

Eksterne lån vart refinansiert i juli 2025. Det er inngått avtale om konsernfinansiering og all ekstern gjeld ligg i morselskapet. Selskapa i konsernet er solidarisk ansvarleg for eksterne låneopptak.

Bokført verdi av eidelar stilt som sikkerhet:	2025
Tomter, bygg o.a. fast eigedom	315 978 106
Transportmiddel, inventar og maskinar	13 871 397
Andre krav	16 140 089
Totalt	345 989 591

Kortsiktig gjeld bank:

Opptrekk kassakreditt morselskap	
Opptrekk kassakreditt konsern	1 110

NOTE 11 SKATT

Morselskap

Årets skattekostnad	2025	2024
Betalbar skatt årets resultat	133 725	49 591
Endring i utsett skatt/utsett skattefordel	88 191	91 038
Skattekostnad ordinært resultat	221 916	140 629

Betalbar skatt i årets skattekostnad

Ordinært resultat før skatt	14 493 803	7 659 932
Permanente skilnadar	(13 485 092)	(7 020 711)
Endring i mellombelse skilnader	(400 869)	(413 806)
Avsett konsernbidrag		
Anvendelse av fremførbartunderskot		
Skattepliktig inntekt	607 842	225 415

Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt på årets resultat	133 725	49 591
Betalbar skatt på avsett konsernbidrag		
Betalbar skatt på mottatt konsernbidrag		
Sum betalbar skatt i balansen	133 725	49 591

Berekening av effektiv skattesats

Resultat før skatt	14 493 803	7 659 932
Berekena skatt av resultat før skatt	3 188 637	1 685 185
Skatteeffekt av permanente skilnader	(2 966 720)	(1 544 556)

Sum	221 917	140 629
Effektiv skattesats	1,5 %	1,8 %

Skatteeffekten av midlertidige skilnadar og underskot til framføring som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige skilnadar.

	2025	2024	Endring
Varige driftsmiddel	(72 616)	(74 740)	(2 124)
Avsetningar mv	(242 760)	(167 541)	75 219
Pensjonspremie/forplikting	96 542	(384 922)	(481 464)
Andre forskjellar	(15 000)	(7 500)	7 500
Sum	(233 833)	(634 702)	(400 869)

Grunnlag for berekening av utsett skatt	(233 833)	(634 702)	(400 869)
Utsett skattefordel (22%)	(51 443)	(139 634)	(88 191)

NOTE 12 SKATT

Konsern

Årets skattekostnad	2025	2024
Betalbar skatt årets resultat	2 512 785	3 515 700
Endring i utsett skatt/utsett skattefordel	1 695 982	(938 703)
Skattekostnad ordinært resultat	4 208 767	2 576 997

Betalbar skatt i årets skattekostnad

Ordinært resultat før skatt	19 033 491	11 434 138
Permanente skilnader	97 271	279 479
Endring i midlertidige skilnader	(7 709 013)	4 266 837
Anvendelse av fremførbartunderskot		
Skattepliktig inntekt	11 421 749	15 980 455

Betalbar skatt i balansen

Betalbar skatt på årets resultat	2 512 785	3 515 700
Sum betalbar skatt i balansen	2 512 785	3 515 700

Berekening av effektiv skattesats

Resultat før skatt	19 033 491	11 434 138
Berekena skatt av resultat før skatt	4 187 368	2 515 510
Skatteeffekt av permanente skilnader	21 400	61 485
Sum	4 208 767	2 576 997
Effektiv skattesats	22,1 %	22,5 %

Skatteeffekten av midlertidige skilnader og underskot til framføring som har gitt opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av midlertidige skilnader.

	2025	2024	Endring
Varige driftsmiddel	-3 882 586	-5 010 365	-1 127 779
Varebeholdning	-744 152	-713 518	30 634
Krav	-262 541	-187 222	75 319
Gevinst og tapskonto	0	0	0
Avsetningar mv	-5 522 142	-7 524 132	-2 001 990
Pensjonspremie/forplikting	4 394 659	-343 038	-4 737 697
Andre skilnader	-150 000	-97 500	52 500
Sum	-6 166 761	-13 875 774	-7 709 013
Grunnlag for berekening av utsett skatt	-6 166 761	-13 875 774	-7 709 013
Utsett skattefordel (22%)	-1 356 687	-3 052 669	-1 695 982

NOTE 13 EIGENKAPITAL, AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRAR

Morselskap	Aksje- kapital	Overkurs	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr 31.12.2023	19 800 000	104 446 873	7 377 211	131 624 084
Resultat i året			7 519 303	7 519 303
Avsett til utbytte			-7 000 000	-7 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2024	19 800 000	104 446 873	7 896 513	132 143 386
Resultat i året			14 271 887	14 271 887
Avsett til utbytte			-14 000 000	-14 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2025	19 800 000	104 446 873	8 168 400	132 415 273

Konsern	Aksje- kapital	Overkurs	Annan EK	Sum
Eigenkapital pr 31.12.2023	19 800 000	104 446 873	30 330 517	154 577 390
Resultat i året			8 857 141	8 857 141
Avsett til utbytte			-7 000 000	-7 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2024	19 800 000	104 446 873	32 187 659	156 434 532
Resultat i året			14 824 724	14 824 724
Avsett til utbytte			-14 000 000	-14 000 000
Eigenkapital pr 31.12.2025	19 800 000	104 446 873	33 012 382	157 259 255

Aksjekapitalen i morselskapet Sykkylven Energi Holding AS er samansett av:

	Antall	Pålydende	Balanseført
Aksjar	33	600 000	19 800 000

Selskapet har berre ei aksjeklasse og er 100 % eigd av Sykkylven kommune.

Dagleg leiar, medlemmer av styret eller andre tillitsmen i selskapet eig ikkje aksjar i selskapet.

NOTE 14 DOTTERSELSKAP, TILKNYTTET SELSKAP M.M**Morselskap****Aksjar i dotterselskap**

	Tal aksjar	Pålydende	Balanseverdi 31.12.25	Forretnings- kontor	Eier/røyste andel
Sykkylven Energi AS	33	507 874	88 497 061	Sykkylven	100,00 %
Straumen Nett AS	30	102 339	42 285 382	Sykkylven	100,00 %
			130 782 443		
Sykkylven Miljøpark AS*)	1 200	1 000	1 327 002	Sykkylven	100,00 %

	Resultat 2025	Eigenkapital 31.12.2025
Sykkylven Energi AS	8 753 528	106 718 127
Straumen Nett AS	5 157 401	48 288 178
Sykkylven Miljøpark AS*)	141 908	1 947 121

*) Dotterselskap av Sykkylven Energi AS

NOTE 15 AKSJAR OG DELAR I ANDRE FØRETAK**Konsern**

Selskap	Aksjekapital	Tal aksjar	Pålydende	Balanseverdi 31.12.2025
Jarnes Næringspark AS		122 000	1	124 550
Elsikkerhet Vest AS	692 600	325	200	245 765
Sum				370 315

NOTE 16 VATN, AVLØP OG RENOVASJON (VAR) - SJØLVKOSTFOND

Konsern

Fondsmiddel	Saldo 1.1.2025	Årets endring	Saldo 31.12.25
Vatn	-4 282 430	1 085 570	-3 196 860
Avløp	-7 924 083	456 971	-7 467 112
Renovasjon	1 419 173	-531 456	887 717
Sum	-10 787 340	1 011 085	-9 776 255

Mindreinntekt oppstår når selskapet har henta inn mindre inntekter enn kva reglane seier. Beløpet vert då sett av i eit negativt fond (eller reduserer eit positivt fond) og vert handsama som eit krav i rekneskapen vår. Beløpet vert henta inn frå kundane på eit seinare tidspunkt.

Meirinntekt oppstår når selskapet har henta inn meir inntekter frå kundane enn kva reglane seier. Beløpet vert sett av i eit positivt fond (eller reduserer eit negativt fond) og vert rapportert som gjeld i rekneskapen vår. Beløpet vil då bli tilbakeført kundane på eit seinare tidspunkt.

Denne forma for periodisering sikrar at eigedomsgebyra vert meir stabile og kundane unngår at kostnadene svingar unormalt frå det eine året til det andre. Både positive og negative fond vert renterekna, i 2025 var netto rentekostnad på fonda kr 450 533.

Fond Attvin

Sykkylven kommune sin del av Attvin sitt utjamningsfond for renovasjon er per 31.12.25 kr 1 155 629. For slam er utjamningsfondet per 31.12.25 kr 1 633 088.

Attvin sitt utjamningsfond vert fordelt pr kommune basert på ein del av den totale basiskostnaden i Attvin. Basiskostnaden er talet på registrerte anlegg * basispris for tømming frå Attvin. Basispris er pris utan forbrenning, henteavstand og andre tilleggstenester.

NOTE 17 BANKINNSKOT OG KASSAKREDITT

Bankinnskot og kontantar morselskap	3 031 896
Bankinnskot og kontantar konsern	5 821 829

Av bankinnskot morselskap er kr 334 916 bunde til skuldig skattetrekk.

Av bankinnskot konsern er kr 1 116 026 bunde til skuldig skattetrekk.

Kassakreditten si øvre grense er på kr 10 000 000.

Per 31.12.2025 har morselskapet ikkje trekt av denne ramma.

Opptrekk kassakreditt konsern var på kr 1 110.

KONTANTSTRAMANALYSE

Morselskap			Konsern	
2025	2024	Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	2025	2024
14 493 803	7 659 932	Resultat før skattekostnad	19 033 491	11 434 138
-49 591	-119 239	Betalt skatt i perioden	-3 515 700	-4 544 658
145 309	147 077	Avskrivningar	16 404 726	15 960 860
		Endring i varelager	334 534	210 290
-386 716	1 153 605	Endring i kundekrav	1 904 949	11 363 688
557 841	-161 951	Endring i leverandørgjeld	4 821 387	-8 473 776
-481 464	87 590	Skilnad mellom kostnadsført pensjon og inn/ubet. i pensjonsordn.	-4 737 697	67 036
		Endring fond	-1 126 124	2 135 133
-7 112 279	-657 452	Endring i andre tidsavgrensningsposter	-5 282 963	-1 334 103
7 166 904	8 109 561	Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	27 836 603	26 818 609
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter				
-788 342		Utbetalinger ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-33 647 245	-12 765 439
		Utbetalinger ved kjøp av aksjar		
-788 342	0	Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-33 647 245	-12 765 439
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter				
22 192 335		Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	22 192 335	
5 157 610	6 715 218	Innbetalinger ved nedbetaling av langsiktig utlån konsern		
-5 157 610	-6 715 220	Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-5 157 610	-6 715 220
-22 192 335		Utbetalinger langsiktig utlån konsern		
		Netto endring kassekreditt	-6 779 978	3 041 323
-7 000 000	-7 000 000	Utbetalinger av utbytte	-7 000 000	-7 000 000
-7 000 000	-7 000 003	Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	3 254 747	-10 673 897
-621 438	1 109 559	Netto endring i kontantar og kontantekvivalenter	-2 555 895	3 379 273
3 653 334	2 543 775	Behaldning av kontantar og - kontantekvivalenter 01.01.	8 377 723	4 998 451
3 031 896	3 653 334	Behaldning av kontantar og - kontantekvivalenter 31.12.	5 821 829	8 377 723
-621 438	1 109 559	Endring behaldning av kontantar og kontantekvivalenter	-2 555 895	3 379 273


Kontantar og kontantekvivalenter omfatter kontantar, bankinnskott og andre kortsiktige likvide plasseringar.

SAMFUNNSREKNESKAP

Samfunnsrekneskapet syner kva verdjar som har vore skapt i konsernet og kva som vert innkrevd for offentlege myndigheiter, og korleis verdiane vert fordelt mellom ulike samfunnsaktørar.

Verdiskaping i perioden	2025	2024		
Tal i mill. kr				
Driftsinntekter	118 802	115 319		
- forbruk av innkjøpte varer og tenester	57 144	55 736		
Verdiskaping brutto	61 658	59 582		
- kapitalslit (ord. avskrivningar)	16 405	15 961		
Verdiskaping netto	45 253	43 621		
+ finansinntekter	284	195		
Skapte verdjar til fordeling	45 538	43 817		
+ meirverdiavgift	31 066	34 909		
+ forbruksavgift	11 905	12 295		
+ påslag på nettariffen til Energifondet	1 085	1 095		
Verdjar innkrevd for off. myndigheiter	44 057	48 299		
Disponerte verdjar til fordeling	89 594	92 116		
Fordeling av verdiskaping	2 025	2 024		
Tilsette				
Brutto løn og sosiale kostnader	17 410	22 766		
- skatt frå dei tilsette	5 261	5 170		
- arbeidsgjevaravgift	2 114	2 234		
Netto fordelt tilsette	10 034	15 362	11 %	17 %
Kapitalinnskytarar				
Renter m.v. til kredittytarar	8 951	9 459		
Utbytte	14 000	7 000		
Netto fordelt kapitalinnskytarar	22 951	16 459	26 %	18 %
Stat og kommune				
Skattekostnad på ordinært resultat	4 209	2 577		
Skatt frå dei tilsette	5 261	5 170		
Konsesjonsavgift	144	157		
Meirverdiavgift	31 066	34 909		
Forbruksavgift	11 905	12 295		
Påslag på nettariffen til Energifondet	1 085	1 095		
Arbeidsgjevaravgift	2 114	2 234		
Netto fordelt offentlig	55 784	58 438	62 %	63 %
Halde tilbake i selskapet	825	1 857	1 %	2 %
Verdjar fordelt totalt	89 594	92 116	100 %	100 %

Fordeling av verdiskaping 2025



**"Gi liv til eit samfunn
i utvikling"**



Storevatnet Riksheimdalen



**Sykkylven
Energi**

Haugsetvegen 33
6230 Sykkylven

Sentralbord: 70 24 63 00
Feilmelding utanom arbeidstid: 70 24 63 50

www.sykkylven-energi.no
firmapost@sykkylven-energi.no